

# Haustmøte alpint 05.11.22

Tilstades: Vidar Taklo, Anders Engeland, Geir Angedal, Roger Ellingsund, Tonje Tangerud, Melanie Hetkamp-Andersen, Signe Marie Hauge, John Asle T. Knapstad, Jonny Strand, Per Asbjørn Felde, Hans Chr. Amundsen, Elisabeth Sætren.

## Sak 01) Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste godkjent – ingen merknadar

## Sak 02) Val av referent

Elisabeth valt som referent – ingen merknadar

## Sak 03) Orientering frå haustmøte i NSF – Tonje Tangerud- inkl. innspel frå haustmøtet

- Fis løparar: Stor auke i tal løparar. Uheldig at mange reiser utenlands på renn.  
Utfordring om alle stiller på same Fis renn då grensa er på 140 startande  
Innspel/synspunkt kan sendast skiforbundet om ein ønskjer
- Brukhue.no: Anbefaler alle å gå inn på nettsida og lese. Handler om mobbing. Dette skal ein ta på alvor. Ikkje tru at dette ikkje skjer i vår krets
- TD- fartsprosjekt: Prosjekt i regi av NSF. Dersom det er aktuelt så kan ein delta her.  
Har 2 TD i eigen krets som kan nyttast i fartssrenn
- Regions TD: I lag med Hordaland. Kan henvende oss til region- TD ved behov
- Overårige lag: Orientering om tilskot. Diskusjon på om det for mange overårige lag.  
Kan ein samle fleire løparar på færre lag og heller styrke/auke trenarkompetanse på desse. Opptak av løparar til E- cup- kvifor fyller dei ikkje kvoten?
- Kurs timing: Her kan NSF bistå klubbar med opplæring/kompetanse. Ein må melde frå dersom ein ønskjer dette
- Jentesatsing: Nytt prosjekt. Alt for få jenter satser på fart i dag. Målsetjing er å få auka tal jenter
- Landsrenn: ECO, Bama U12, Telenor U14, Hovudlandsrennet U16, Fartssamlingar for kretsar (ferdig opplegg frå NSF og lettar då arbeidet for krets)

Referat AK møte sentralt kan ein finne på skiforbundet

## Sak 04) Samlingsplan 2022-2023 og Sak 05) Terminlista

- Terminlista er lagt opp med fleire renn på same helg og færre rennhelgar.  
Dette etter ønskje frå klubb/føresette
- Fleire ledige helgar der ein kan trenere lokalt eller ta kontakt med andre klubbar for fellestrenings. Dette er opp til klubb å løyse
- Innspel på møte om å bytte renn Haugen/Jølster. Terminlista vert oppdatert med endringa
- Kjem tilbake med endeleg dato for fartssamling i lag med Hordaland på Ål. Denne er ikkje fastsatt enno. Kan skje at det vert kollisjon med fartssamling på Hafjell i regi av NSF. Men då vart det bestemt på haustmøte at våre løparar prioriterer Ål. Det vert lagt opp til kvalikkrenn i SG
- Terminlista vart endeleg handsama i haustmøte

- Endringar i terminlista kan skje. Oversikt ligg på kretsen si side og denne vert oppdatert fortløpande

#### Sak 06) Foreldrekurs/trenarkurs

- Kurs i Snøhallen: Melanie melder til klubb når dato er stadfesta
- Var eit ønskje om mest mogleg kursing i eige fylke.  
Kva er behovet i klubbanne? Her må alle følgje opp og melde status til Melanie.  
Ho reiser til klubb dersom behov
- Kompetanse og engasjement hjå trenar er viktig for rekruttering

#### Sak 07) Rekruttering

Kva kan Krets/NSF bidra med i rekrutteringsarbeidet:

- Skisprellveka
- Telenor- renn
- Young Attacking Viking (parallellslalåm, skicross)
- Trenarkurs (korte kurs, foreldrekkurs)
- Klubbesøk
- Samarbeid skikort:
  - Dette må klubbar initiere. Viktig at alle anlegg har same prisar på trening og rennkort.

#### Sak 08) Status samarbeidsavtalar

Vart kort informert om sponsoravtalane

- Viktig å profilere sponsorane

#### Sak 09) Økonomi

Kort orientert om status økonomi i skikrinsen alpint

- Diskusjon om korleis ein nyttar overskot
  - Dekking overnatting på Bama/ Telenor/ Hovedlandsrenn
  - Bekledning – jakker/ vest/ fleece. Eigenandel ved kjøp
  - Tilskot til FIS løparer som førre sesong
  - Kjøpe inn element til klubb som kan nyttast i barnebakken.

Innspela må takast med i vidare arbeid i AK. Beslutte kva ein skal støtte